



KSK-notat nr.: 11/2012 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Småkraft AS/Reinåga kraftverk		
Fylke/kommune:	Nordland/Hemnes		
Ansvarleg:	Øystein Grundt	Sign.:	
Sakshandsamar:	Silje Aakre Solheim	Før	Sign.:
Dato:	02 MAR 2012		
Vår ref.:	NVE 200804806-31		
Sendast til:	Søkjar og alle som har uttala seg til saka		

Søknad om løyve til regulering av Reinåvatnet og bygging av Reinåga kraftverk i Hemnes kommune, Nordland

Innhald

Samandrag	1
Søknad	4
Høyringsuttalar	5
Søkar sin kommentar til høyringsuttalane	7
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	9
NVEs vurdering	13
NVEs konklusjon	24

Samandrag

Søknaden gjeld løyve etter § 8 i vassressurslova til bygging av Reinåga kraftverk, samt regulering av Reinåvatnet mellom kote 699,5 og kote 700,5 og handsamast etter reglane i kap. 3 i same lov. Det er vidare søkt om løyve etter energilova til bygging og drift av Reinåga kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer.

Småkraft AS har inngått avtale med grunneigarane om samarbeid om utbygging og drift av Reinåga kraftverk. Avtalen gjev Småkraft AS rett til bygging og drift av eit kraftverk som nyttar fallet mellom kote 700 og kote 120 i Reinåga.

Reinåga er eit sidevassdrag til Røssåga, som vidare renn ut i Sørfjorden i Hemnes kommune i Nordland. Elva startar ved utløpet av Reinåvatnet og har utløp i Røssåga ved Reinåmoen, ca. 3 km sør for tettstaden Korgen. Elva drenerer eit område på 4,1 km² ved inntaket. Reinåga har ei middelvassføring på 0,33 m³/s. Kraftverket skal nytte eit fall på 580 høgdemeter. Inntaket er planlagt i utløpet frå Reinåvatnet på kote 700 og kraftstasjonen skal byggjast på kote 120. Planlagt installert effekt er 3,2 MW med maksimal slukeevne sett til 0,66 m³/s. Gjennomsnittleg årsproduksjon er rekna å bli 10,8 GWh. Det er foreslått slepp av minstevassføring på 60 l/s om sommaren og 10 l/s om vinteren. Utbyggingskostnadane er berekna til 46,5 mill. kr.

Det er planlagt ei regulering av Reinåvatnet på 1 m, mellom kote 699,5 og 700,5, dvs. ein halv meter opp og ein halv meter ned i høve til naturleg vasstand. Inntaksdammen vert bygd i utløpet frå Reinåvatnet. Det blir oppført ein ca 5 m lang og 2-2,5 m høg betongdam. Røyrkata frå inntaket til kraftstasjonen blir på om lag 1800 m. Frå planlagt kraftstasjon på kote 120 og opp til ca kote 300 skal røyra gravast ned i grøft. Dette utgjer ein strekning på 850 m. Røyrret vil liggje nær, og nokre stadar krysser eksisterande traktorveg. På kote 300 vert det påhogg for tunell. Tunellen blir ca. 470 m lang. Frå enden av tunellen skal det borast ei sjakt på 450 m.

Det er behov for om lag 200 m ny veg frå Riksveg 806 til planlagt kraftstasjonsområde. Dam og inntak skal byggjast veglaust. Det går ein allereie eksisterande traktorveg opp til det planlagde påhogget for tunell. Denne skal nyttast i anleggsfasen. Denne vegen vil trenge noko forsterkning. Det er planlagt nedgraven jordkabel frå kraftstasjon til eksisterande kabel ved Reinåmoen. Kabelen vil få ei lengde på 550 m.

Den øvste delen av tiltaksområdet ligg i ope fjellandskap der elva er godt synleg. Lenger nede er elva bratt, og er eit tydeleg landskapselement nede frå dalen. Den nedste delen av elva renn rolegare og gjennom tett granskog. Her må ein heilt inntil elva for å sjå den. Elva er lite påverka av menneskeleg aktivitet, men i den nedre delen renn den gjennom landbruksområde. Tiltaket vil medføre ein reduksjon på 4,7 km² av INON-sone 2 og 0,1 km² areal i INON-sone 1 vert redusert til sone 2. I Hemnes kommune si kartlegging av biologisk mangfald er heile Reinåga lagt under naturtypen bekkeløft og bergvegg. Denne vil bli påverka av redusert vassføring. Frå om lag kote 370 er det registrert gammalskog med raudlistearten gubbeskjegg. Frå kote 540 og oppover er det registrert høgstaudebjørkeskog. Nedstraums planlagt kraftstasjon er det registrert kystgranskog. Denne kan bli påverka av prosjektet sidan elva her går i to løp og vatnet frå kraftstasjonen vert slept i berre eitt av dei. Av raudlista artar er det registrert gaupe (VU), jerv (EN), bjørn (EN) og gubbeskjegg (NT) i sjølve tiltaksområdet. I tillegg er det registrert 8 raudlista lav og vedbuande sopp i kystgranskogen nedstraums planlagt kraftstasjon. Fleire av desse, mellom anna trådragg (VU) er knytt til fuktige miljø. Den viktigaste negative konsekvensen av ei eventuell utbygging vil vere redusert vassføring i Reinåga, noko som vil påverke fuktkrevjande vegetasjon og artar. Dette vil vere spesielt negativt for den verdifulle kystgranskogen. Elva utgjer også eit tydeleg landskapselement på delar av strekninga. Området er brukt til turaktivitet, og annakvart år vert det arrangert ein fjellmarsj i område nær tiltaksområdet. Reinåvatnet vil bli negativt påverka av ei regulering. Dette er eit grunt vatn og senking av vasstand vil syne godt i landskapet og kunne gje ein del erosjon der innløpselva kjem ut i vatnet.

Hemnes kommune tilrår at konsesjon vert gjeve ut i frå samfunnet sitt behov for fornybar energi og ei samla vurdering av fordelar og ulemper. Fylkesmannen i Nordland bad om tilleggsundersøking av naturtypen kystgranskog nedstraums planlagt kraftstasjonen. Dette vart gjennomført. Fylkesmannen går i mot konsesjon med den opphavleg omsøkte plasseringa av kraftstasjon, men meiner prosjektet er akseptabelt dersom stasjonen vert flytt oppover i elva for å sikre vassføring i elveløpet som renn gjennom kystgranskogen. Nordland fylkeskommune er positive til prosjektet, men med ein føresetnad om at kraftstasjonen vert flytta oppover langs elva for å sikre vassføring i både nordleg og sørleg løp av Reinåga. Dette for å ta omsyn til kystgranskogen. Statens Vegvesen minner i sin uttale om at det må søkjast om avkjørselsløyve, graveløyve og eventuelt dispensasjon frå veglova si byggjegrænse langs offentlig veg. Rana Zoologiske Foreining og NOF er i hovudsak einige med miljørapporten frå SWECO, men er kritiske til om datagrunnlaget er tilstrekkeleg. Dei ønskjer kartlegging av fossekalen sin bruk av elva. Dei er også skeptiske til inngrep som reduserar inngrepsfrie areal. Reindriftsforvaltninga i Nordland har ikkje fått merknader på søknaden frå Røssåga/Toven reinbeitedistrikt. Dei er einige med miljørapporten om at det er viktig at tiltakshavar samrår seg med reindrifta for å unngå forstyrrende anleggsarbeid i periodar som er ugunstig for reindrifta. Helgelandskraft opplyser at det ikkje er mogleg med innmating på eksisterande distribusjonsnett.

Einaste moglegheit er eige produksjonsnett til Nedre Røssåga i Korgen og ny trafo som er under planlegging.

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 10,8 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei siste to åra har NVE klarert om lag 1,3 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. NVE meiner at så lenge desse interessene ikkje er av svært stor verdi eller dersom dei kan avbøtast i tilstrekkeleg grad gjennom vilkår, så kan tiltaket få konsesjon. Dei konsesjonsgitte tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk og på fornybar energi. Tiltaket vil gje varige inntekter til søkjar, grunneigarar og kommunen.

I vurderinga har NVE i hovudsak lagt vekt på at tiltaket slik det er omsøkt vil gje ny fornybar energi på om lag 10,8 GWh/år i tillegg til positive ringverknadar i lokalmiljøet. Omsynet til biologisk mangfald og særskilt viktige naturtypar og raudlisteartar er kartlagt. For å avbøte ein del av ulempene for desse verdiane, samt generelle natur- og landskapsverdiar i området meiner NVE at eit slepp av minstevassføring med storleik som sesongmessige lågvassføringar, veglaust inntak, rørygate i tunell og vektlegging av terrengtilpassing av vegar og andre inngrep vil vere viktige tiltak. I tillegg er det avgjerande for den prioriterte naturtypen kystgranskog at fuktregimet vert som før. NVE meiner difor det er avgjerande at kraftstasjonen vert flytta frå kote 120 til om lag kote 133 slik at vatnet frå kraftstasjonen kan sleppast i både det nordlege og sørlege elveløpet, ikkje berre i det sørlege slik det er skissert i søknaden. Ein reduksjon i fallhøgda med 13 meter av den totale fallhøgda i kraftverket på 580 m vil redusere produksjonen med om lag 0,24 GWh/år. NVE finn ikkje ein slik reduksjon avgjerande. Det er etter NVE si meining av stor betyding at vatnet ikkje vert senka i forhold til naturleg vasstand, då dette både vil ha negativ effekt for landskapet rundt Reinåvatnet, og kunne gje noko erosjon i indre deler av vatnet. Ein slik reduksjon i magasinet vil ha små verknadar for produsert kraft i anlegget. Om anlegget vert byggja heit utan regulering vil produksjonen verte redusert med ca. 2,6 Wh, men dette vert monaleg mindre så lenge Reinåvatnet framleis kan nyttast som ein buffer.

Under føresetnad av at dei avbøtande tiltaka blir gjennomført og med ei viss minstevassføring heile året meiner NVE at konsekvensane kan reduserast i ei slik grad at verknadane for allmenne og private interesser er akseptable.

NVE meiner at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Småkraft AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Reinåga kraftverk og til regulering av Reinåvatnet med ein halv meter oppdemming. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå Småkraft AS, datert 28.02.2011:

"Småkraft AS ønsker å utnytte vannfallet i Reinåga i Hemnes kommune i Nordland fylke, og søker herved om følgende tillatelser:

1. Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- bygging av Reinåga kraftverk
- regulering av Reinåvatnet mellom LRV på kote 699,5 og HRV på kote 700,5

2. Etter energiloven om tillatelse til:

- bygging og drift av Reinåga kraftverk, med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknaden.
- gjennomføring av tiltaket

Det opplyses at det er inngått avtale med grunneierne, med fallrettigheter, om falleie og øvrige rettigheter til å gjennomføre utbyggingen.

Nødvendige opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning."

Reinåga kraftverk, hovuddata		
TILSIG		
Nedbørfelt	km ²	4,1
Årleg tilsig til inntaket	mill. m ³	10,4
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	75,0
Middelvassføring	m ³ /s	0,33
Alminneleg lågvassføring	m ³ /s	0,02
5-persentil sommar (1/5-30/9)	m ³ /s	0,06
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,01
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	700
Avlaup	moh.	120
Lengd på påverka elvestrekning	km	1,8
Brutto fallhøgd	m	580
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	1,34
Slukeevne, maks	m ³ /s	0,66
Slukeevne, min	m ³ /s	0,04
Tilløpsrøyr, total lengde	m	850
Tilløpsrøyr, diameter	mm	0,5
Grovhull, lengde	m	450
Grovhull, diameter	m	0,7
Tunell, lengde	m	470
Tunell, tverrsnitt	m ²	12-13
Installert effekt, maks	MW	3,2
Brukstid	timar	3400
MAGASIN		
Magasinvolum	mill. m ³	0,21
HRV	moh.	700,5
LRV	moh.	699,5

PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	3,8
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	7,0
Produksjon, årleg middel	GWh	10,8

ØKONOMI

Utbyggingskostnad	mill.kr	46,5
Utbyggingspris	kr/kWh	4,3

Reinåga kraftverk, elektriske anlegg

GENERATOR

Yting	MVA	3,8
Spennning	kV	6

TRANSFORMATOR

Yting	MVA	3,8
Omsetning	kV/kV	6/22

NETTILKNYTING (kraftlinjer/kablar)

Lengde	km	0,55
Nominell spenning	kV	22
Luftlinje el. jordkabel		Jordkabel

Høyringsuttalar

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 25.08.2011 saman med representantar for tiltakshavar og kommunen. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

NVE har motteke følgjande merknader til søknaden:

Hemnes kommune er i kommunestyremøte 08.06.2011 positive til det omsøkte prosjektet. Dei meiner utgreiingane som er gjennomført er tilstrekkelege til å uttale seg. Ut i frå samfunnet sitt behov for fornybar energi og ut i frå samla vurdering av fordelar og ulemper meiner Hemnes kommune at ein kan gje konsesjon. Det vert opplyst at tiltaksområdet ligg i LNF-område, og tiltakshavar må ved ein eventuell konsesjon difor søkje dispensasjon frå arealplanen, eller det må utarbeidast reguleringsplan. Det er ein føresetnad for kommunen at kraftlinja vert bygd som jordkabel.

Fylkesmannen i Nordland uttalar i brev av 25.05.2011 at dei er kritiske til det omsøkte tiltaket fordi det er usikkert om ei utbygging vil redusere fuktigheita i kystgranskogen (EN) nedanfor Kattuglhola. FM meiner at for kystgranskogen som har høg luftfukt og eit nettverk av rennande vatn og sig, vil alle inngrep som resulterer i endra fuktforhold vere ein trussel. Dei ønskjer ei tilleggsvurdering av verknaden på kystgranskogen før dei vil ta endeleg stilling til søknaden. FM peikar på at alt vatn frå kraftstasjonen skal sleppast i det sørlege elveleiet, medan det nordlege elveløpet som renn gjennom kystgranskogen vil få redusert vassføring som følgje av tiltaket. FM ønskjer også forslag til alternative plasseringar av kraftstasjonen som i mindre grad vil påverke naturtypen kystgranskog. FM peiker også på at ein ikkje kan utelukke hekking av storlom (NT) i Reinåvatnet.

Sweco utførte nytt feltarbeid i tiltaksområdet 12.07.2011 der det vart lagt vekt på nedre del av området knytt til kystgranskogen. Det blir konkludert med at dette er eit område med stor verdi for biologisk mangfald. I rapporten skriv Sweco at redusert vassføring i nordre elveløp vil kunne påverke luftfukt og grunnvassnivået, sjølv om topografi, andre bekkar og stor skog sannsynlegvis vil vere viktigare. Ein må i følgje Sweco vente seg at redusert vassføring vil føre til dårlegare livsvilkår for fuktkrevjande lavartar. Sweco foreslår å flytte kraftstasjonen opp til kote 133 og plassere den mellom dei to elveløpa slik vil ein ivareta kystgranskogen langs det nordre løpet og landskapsverdiar knytt til det sørlege. I følgje Sweco vil dette alternativet redusere produksjonen med ca 2,5 %. Etter denne tilleggsundersøkinga valde FM å komme med ei oppfølgjande uttale i brev av 24.08.2011. FM støttar Sweco si vurdering om at ved å flytte kraftstasjonen rett nordover vil ein oppretthalde vassføring i begge elveløpa og redusere konsekvensane for kystgranskogen. Vidare seier FM at dei framleis går i mot det opphavlege omsøkte prosjektet, men at dei ikkje har vesentlege innvendingar mot eit alternativ der kraftstasjon vert flytta jf. Sweco si tilleggsundersøking.

Nordland fylkeskommune uttalar i brev av 01.11.2011 at dei anbefalar at det vert gjeve konsesjon for bygging av Reinåga kraftverk. Det vert sett som føresetnad at forslaget frå Sweco om alternativ kraftstasjonsplassering vert teke til følgje for å sikre vassføring i begge elveløpa, og dermed minimere konsekvensane for kystgranskogen. Fylkeskommunen meiner følgjande bør takast med i eventuelle konsesjonsvilkår:

- Utbyggar må samarbeide med reindriftsnæringa for å unngå eventuelle negative konsekvensar for reindrift.
- Det må leggjast vekt på revegetering av røyrgate og anleggsveg for å minske sår i landskapet.
- Tiltak knytt til klimatilpassing bør vurderast.
- Vassføreskrifta § 12 andre ledd a må følgjast.
- Fylkeskommunen ber NVE vurdere om forvaltningsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 er oppfylt.

Fylkeskommunen minner elles om aktsemd- og meldeplikt i høve kulturminnelova.

Reindriftsforvaltninga i Nordland uttalar i brev av 15.06.2011 at Røssåga/Toven reinbeitedistrikt har fått saka førelagt, men har ikkje komme med merknader til saka. Reindriftsforvaltninga er einige i konklusjonen i miljørapporten om at dei største konsekvensane av prosjektet for reindrifta vil komme som følgje av støy og aktivitet knytt til anleggsfasen. Det vil difor vere viktig at planlegginga av anleggsarbeidet skjer i samråd med reindrifta slik at dei mest forstyrrande anleggsperiodane kan leggjast til periodar der konsekvensen for reindrifta vert minst mogleg.

Statens Vegvesen region nord uttalar i brev av 25.05.2011 at dei i utgangspunktet ikkje har merknader til at det vert gjeve konsesjon. Dei har nokre kommentarar til vidare prosess. For å få byggjeløyve til kraftstasjon må ein først ha avkjørselløyve frå fv. 806. Det må eventuelt søkjast om dispensasjon frå veglova si byggjegrænse langs offentleg veg og graveløyve dersom røyr skal leggjast under fylkesvegen.

Rana Zoologiske Foreining og Norsk Ornitologisk Foreining, Rana lokallag uttalar i brev av 25.05.2011 at dei i hovudsak stiller seg bak vurderingane gjort av Sweco i miljørapporten. Dei peikar likevel på nokre forhold som dei meiner svekkjer rapporten sin faglege basis. Dei meiner datagrunnlaget, som byggjer på eksisterande skriftleg materiale, munnlege kjelder og eigne observasjonar og registreringar gjort på ein dag feltarbeid utanfor vekstsesong for planter og hekkesesong for fugl, kan vere utilstrekkeleg. Det kunne også vere ønskjeleg med betre kartlegging av fossekalen sin bruk av elva sidan det er mange planar om småkraftverk i regionen og ein bør sjå på samla belastning for arten. Det vert påpeika at namnet kattugle vert nytta, av lokalbefolkninga, om dei

fleste uglearter. Vidare blir det kommentert at i den nye raudlista av 2011 er strandsnipe teken inn og steinskvett teken ut. Det vert også uttrykt skepsis mot alle inngrep som fører til reduksjon av INON-areal.

Helgelandskraft AS kommenterer i brev av 05.05.2011 gjeldande tilhøve for tilknytning til nettet i området. Det er sett på ei samordning av 3 kraftverk i området med ein samla installasjon på 11,4 MW. Dette er det ikkje anledning til å ta inn i 22 kV distribusjonsnettet. Einaste moglegheit er eige produksjonsnett til Nedre Røssåga i Korgen, til ein ny trafo 22 kV/132kV som er under planlegging.

Sweco Norge AS kommenterte uttalen frå NOF i e-post av 22.08.2011. Dei er samde i at september ikkje er eigna feltesong for dokumentasjon av fugl som hekkar i området. Generelt har NOF eit ønskje om langt meir omfattande kartlegging av fuglefauna enn det som vert kravd i småkraftsaker. Det skal, jf. NVE-rettleiaren leggjast vekt på vasstilknytt fugl og ev. fugl knytt til våtmarksområde som vert påverka av regulering. Ein feltdag er i tråd med gjeldande retningslinjer. Vidare er ikkje areala langs elva viktige for strandsnipe som er kommen inn i raudlista sidan rapporten vart utarbeidd. Sweco meiner heller ikkje at regulering på 1 m som er innanfor naturleg vasstandvariasjon vil skade arten. Kartlegging av fossefall går langt utover det som er kravet til småkraftsøknadar. Sweco beklagar misforståing om bruk av namnet kattugle hjå lokalbefolkninga.

Søkjar sin kommentar til høyringsuttalane

Søkjar har i brev av 21.08.2011 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

"Bakgrunn

Vi viser til brev der dere ber om Småkrafts kommentarer på mottatte høyringsutsagn vedrørende konsesjonssøknaden for Reinåga kraftverk i Hemnes kommune i Nordland fylke.

Følgende interessenter har gitt sitt høyringsutsagn i saken:

- Hemnes kommune
- Fylkesmannen i Nordland
- Statens vegvesen
- Reindriftsforvaltningen i Nordland
- Helgelandskraft
- Rana Zoologiske Forening og NOF v Per Ole Syvertsen

Hemnes kommune kommentarer:

Formannskapet i Hemnes mener "...ut fra samfunnets behov for fornybar kraft og ut fra en samlet vurdering og avveining av fordeler og ulemper med en utbygging av Reinåga kraftverk, tilrådes konsesjon innvilget i samsvar med fremlagte søknad."

Det forutsettes at kraftlinje som bygges skal legges som jordkabel.

Småkraft AS sine kommentarer:

Småkraft takker for positiv tilbakemelding, nettilknytning legges som jordkabel.

Fylkesmannen i Nordland kommentarer:

Fylkesmannen er kritisk til det omsøkte tiltaket, ettersom det er knyttet usikkerhet til om en utbygging her vil kunne redusere luftfuktigheten i kystgranskogen nedenfor Kattuglhol. Det bes om at det utarbeides tilleggsvurdering hvor tiltakets virkning på naturtypen kystgranskog belyses og en vurdering av alternativ plassering av kraftverket.

Småkraft AS sine kommentarer:

Småkraft har fått utarbeidet tilleggsrapport om kystgranskog der det er kommentert alternativ plassering av kraftverket. Det foreslås i rapporten flytting av kraftverket opp 10 – 15 høydemeter slik at stasjonen blir plassert ca på kote 130. I tillegg anbefales det justering av utslippsrør slik at en opprettholder vannføring i søndre og nordre løp. Rapporten er oversendt NVE.

Statens vegvesen, kommentarer:

Statens vegvesen har i utgangspunktet ingen merknader til søknaden.

Småkraft AS sine kommentarer:

Dersom det blir gitt konsesjon vil vi ta kontakt med vegvesenet for å avklare tiltaket i forhold til vegloven.

Reindriftsforvaltningen i Nordland, kommentarer:

Reindriftsforvaltningen kommenterer at planlagte tiltak har vært forelagt Røssåga/Toven reinbeitedistrikt uten at de har kommentarer til tiltaket. Før anleggsperioden tar til må Småkraft ha kontakt med reinbeitedistriktet for å planlegge fremdrift i samråd med distriktet.

Småkraft AS sine kommentarer:

Småkraft vil gjennomføre eventuelle møter med reinbeitedistriktet dersom det blir gitt konsesjon.

Helgelandskraft, kommentarer:

Der er planlagt 3 kraftverk i området. Dersom alle blir realisert må det bygges egen produksjonslinje til Nedre Røssåga i Korgen der det planlegges ny trafo.

Småkraft AS sine kommentarer:

Dersom det gis konsesjon til Reinåga vil det bli tatt kontakt med Helgelandskraft for vurdering av løsninger for nettilkobling. Småkraft AS vil i samråd med Helgelandskraft finne løsninger for nettilknytning.

Rana Zoologiske Forening og NOF v/ Per Ole Syvertsen, kommentarer:

Per Ole Syvertsen kommenterer at de er i hovedsak enig med Sweco sine vurderinger for Reinåga kraftverk. Det påpekes imidlertid noen forhold vedrørende datagrunnlag, forhold rundt fossefall, ny rødliste m.m.

Småkraft AS sine kommentarer:

Småkraft har oversendt kommentaren til Sweco for vurdering. Når svar fra Sweco foreligger vil den bli oversendt NVE.

Vi mener at fordelene ved en utbygging av Reinåga er større enn ulempene.

Norge trenger mer fornybar energi! For å realisere en småkraftutbygging, er den avhengig av at de som innehar rettighetene til ressursene griper fatt i muligheten og iverksetter utbygging. Vi ber derfor NVE vektlegge de positive virkningene prosjektet vil medføre i den videre behandlingsprosessen. ”

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjar

Tiltakshavar for Reinåga kraftverk, Småkraft AS, er eit produksjonsselskap etablert for å byggje ut småkraftverk i samarbeid med eigarane av fallrettar. Småkraft AS er eigd av fire selskap i Statkraftalliansen: Skagerak Energi, Agder Energi, BKK og Statkraft.

Om søknaden

Småkraft AS søker etter vassressurslova om løyve til å byggje Reinåga kraftverk, samt løyve til å regulere Reinåvatnet mellom kote 699,5 og kote 700,5. Naturleg vasstand er på kote 700,0. Vidare vert det søkt om løyve etter energilova til å byggje og drifte Reinåga kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer.

Kraftverket vil nytte eit fall på 580 m. Inntaket er planlagt på kote 700 og kraftstasjonen skal byggast på kote 120. Det er planlagt ein installert effekt for kraftverket på 3,2 MW, noko som vil gje ein gjennomsnittleg årsproduksjon på 10,8 GWh. Dersom ein ser vekk frå den planlagde reguleringa vil den årlege middelproduksjonen vere på 9,2 GWh.

Utbygging av Reinåga kraftverk og regulering av Reinåvatnet krev konsesjon etter vassressurslova § 8. Konsesjon kan berre gjevast dersom fordelane med tiltaket vil overstige skader og ulemper for allmenne og private interesser som vert påverka i vassdraget eller tilhøyrande nedbørfelt, jf. § 25.

Skildring av området

Reinåga kraftverk er planlagt i Hemnes kommune i Nordland fylke. Elva startar i utløp frå Reinåvatnet og har sitt utløp i Røssåga ved Reinåmoen, om lag 3 km sør for tettstaden Korgen.

Kraftverket vil utnytte eit nedbørfelt på 4,1 km². Høgste og lågaste høgdekote for nedbørfeltet er høvesvis 985 og 700. Effektiv sjøprosent i feltet er 2,4 % og snaufjellandelen om lag 100 %.

Prosjektområdet ligg i mellomboreal vegetasjonssone i svakt oseanisk seksjon. Ved inntaket er det ope fjellandskap. Nedover langs elva møter ein først eit tynt belte med bjørkeskog før det går over til granskog. Landskapet er lite påverka av menneske, med unntak av noko jordbruk i dei nedste delane. Elveløpet ned fjellsida er eit tydeleg element i landskapet, og syner godt frå dalbotn. Fossen kan også sjåast frå riksvegen. Det synlege partiet av elva er bratt og vanskeleg tilgjengeleg. Nedanfor dette partiet renn elva roleg gjennom granskog. Her må ein nær inntil elveløpet for at elva skal vere synleg.

Eksisterande inngrep i vassdraget

Vassdraget er generelt lite prega av menneskeleg aktivitet. Ved utløpet av Reinåvatnet, som er omsøkt for regulering, ligg restar etter ein gammal dam. Her ligg også nokre hytter. I nedre del av vassdraget er der spreidd gardsbusetnad med tilhøyrande dyrka mark, gardsvegar og kraftlinje. Frå gardane går der ein traktorveg fram til det planlagde tunellpåhogget. Like oppstraums Reinåga sitt samløp med Røssåga vert elva kryssa av ei bru.

Teknisk plan

Reguleringar

Det er søkt om ei regulering av Reinåvatnet med 1 m. Reinåvatnet ligg på kote 700 og den omsøkte reguleringa medfører 0,5 m heving til kote 700,5 og 0,5 m senking til kote 699,5. Utløpet frå Reinåvatnet ligg i ei kløft der det er fjell i dagen som gjev godt fundament for ein dam. Det fins i dag

restar av ein gammal sperredam. Den nye dammen er planlagt å bli ca. 5 m lang og 2 – 2,5 m høg. Alle inngrep knytt til inntak og dam skal byggast utan veg. Magasinvolumet er rekna til å vere 0,21 mill. m³.

Inntak

Inntaket i Reinåga er planlagt på kote 700 ved utløpet frå Reinåvatnet. Inntaket skal etablerast i tilknytning til dammen og blir utstyrt med bjelkestengsel, inntaksrist og stengeanordning.

Røyrgate

Den totale vassvegen, fordelt på nedgrave røyr, sjakt og tunell, blir om lag 1800 m lang. Frå planlagt stasjon på kote 120 og opp til ca. kote 300 vil det vere nedgrave røyr. På denne strekninga vil røyrtraseen ligge nær, og tidvis krysse ein eksisterande traktorveg. Strekninga med nedgrave røyr er på 850 m og røyret sin diameter vert på 0,5 m. Om lag på kote 300 vil det bli etablert eit påhogg for tunell. Tunellen vil få ei lengd på om lag 470 m og eit tverrsnitt på 12 – 13 m². Frå enden av tunellen og opp til inntaket skal det borast ei 450 m lang sjakt med ein diameter på ca. 0,7 m.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen er omsøkt plassert på kote 120, på austsida av elva. Storleiken på bygget blir ca. 80 m². Arealbehovet for stasjonen, inkludert parkeringsareal, vert om lag 2 daa.

Kraftstasjonen vil få ein Pelton-turbin med installert effekt på 3,2 MW. Turbinen vil ha maksimal slukeevne på 0,66 m³/s og minste slukeevne på 0,04 m³/s. Generatoren får yteevne på 3,8 MVA og spenning på 6 kV. Transformatoren skal ha yteevne på 3,8 MVA med omsetning på 6 kV/22 kV.

Elektriske anlegg

Frå kraftstasjonen og fram til eksisterande kabel ved Reinåmoen skal det leggjast jordkabel. Denne vil få ei lengd på 550 m og spenning på 22 kV. Helgelandskraft er områdekonsesjonær.

Vegar

Frå gardane i dalbotn går det ein eksisterande traktorveg opp til den planlagde påhogget for tunellen. Denne vegen vil bli nytta i anleggsperioden, og må i samband med dette utbetrast noko. Dam og inntak skal byggjast utan veg. Frå den eksisterande traktorvegen er det behov for 200 m ny veg som tilkomst til kraftstasjonen. Det totale arealbehovet for veg er på 1,2 daa.

Massetak og deponi

Overskotsmassane frå tunelldrift (ca. 12 000 m³) skal brukast til tilbakefylling rundt røyr og vegbygging. Det som vert til overs skal lagrast i ein tipp ved tunellpåhogget. Eventuelle andre overskotsmassar frå grøfter og grave/sprengearbeid skal nyttast til opprusting av eksisterande traktorveg. Skulle det bli massar til overs vert desse lagt i forsenkingar i terrenget.

Massar som trengst for å byggje dam, inntak og andre betongkonstruksjonar vert teke frå nærliggjande massetak, eller som ferdigbetong frå næraste mørtelverk.

Hydrologisk grunnlag

Kraftverket nyttar eit nedbørfelt på 4,1 km² ved inntaket og middelvassføringa er berekna til 0,33 m³/s. Effektiv innsjøprosent er på 2,4 %. Vassdraget har høg vassføring vår og tidleg sommar og har jamt tilsig også på hausten. Lågaste vassføring opptre oftast om vinteren og tidleg vår. 5-persentil sommar-

og vintervassføring er berekna til høvesvis 60 og 10 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget ved inntaket er berekna til 20 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 0,66 m³/s og minste slukeevne 0,04 m³/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 60 l/s i perioden 01.05 til 30.09 og 10 l/s resten av året. I følge søknaden vil dette medføre at 64 % av tilgjengelig vassmengde vert nytta til kraftproduksjon.

Produksjon og kostnader

Søkjjar har berekna gjennomsnittleg kraftproduksjon i Reinåga kraftverk til ca. 10,8 GWh fordelt på 3,8 GWh vinterproduksjon og 7,0 GWh sommarproduksjon. Byggjekostnadane er estimert til 46,5 mill. kr. Dette gjev ein utbyggingspris på 4,3 kr/kWh.

Arealbruk og eigedomsforhold

Det er behov for areal til både permanente og midlertidige anlegg. Midlertidige anlegg vert tilbakeført når arbeidet er avslutta. Det største arealbehovet kjem som følge av røyrtraseen, som vil gjere bruk av eit areal på 17 daa. I tillegg vil dam, kraftstasjon, veg, kraftlinje og massedeponi medføre eit behov for ca. 8,3 daa.

Småkraft AS har inngått avtale med grunneigarar i samband med dei aktuelle areala.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

Utbyggingsområdet er i Hemnes sin kommuneplan avsett som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område). Ved ein ev. konsesjon må tiltakshavar difor kontakte kommunen for å avklare arealbruken i forhold til kommuneplanen sin arealdel.

Samla plan (SP)

Reinåga blei behandla i Samla plan for vassdrag i St. melding nr 60 (1991-1992). To alternativ vart utarbeidd, begge plassert i kategori 1 (dvs. at det kan søkjast om konsesjon). Alternativ A inneber overføring av vatn frå Durmålsvatnet og Middagsvatnet til Reinåvatnet, og utnytte dette i ein kraftstasjon på kote 75 i Reinåga. Det blei også planlagt senkingsmagasin i Durmålsvatnet og Middagsvatnet. Dette kraftverket skulle ha yteevne på 5,5 MW og forventa årsproduksjon på 22 GWh. Alternativ B var planlagt med inntak i Durmålsbekken, og også her med senkingsmagasin i Durmålsvatnet og Middagsvatnet. Kraftverket ville ha yteevne på 4 MW, og ein forventa årsproduksjon på 18 GWh.

Begge dei omtala alternativa er i dag uaktuelle, sidan Statkraft har fått konsesjon til å overføre Durmålsvatnet til Kjensvatn kraftverk. I konsekvensutgreiinga vart det undersøkt eit utbyggingsalternativ tilsvarande alternativ B i Samla plan. Undersøkinga inkluderte eit buffermagasin i Durmålsvatnet, men inga regulering av Middagsvatnet. Berekna årsproduksjon var 11,8 GWh. Dette alternativet vart forkasta med bakgrunn i økonomi, ulemper knytt til miljø i inntaksområdet nedstraums Middagsvatnet og redusert vassføring i Durmålsbekken.

Det no omsøkte Reinåga kraftverk har installert effekt på under 10 MW og er dermed ikkje omfatta av Samla plan.

Verneplan for vassdrag

Reinåga er ikkje med i verneplan for vassdrag.

Inngrepsfrie område (INON)

Tiltaket vil føre til ein reduksjon av INON-sone 2 på 4,7 km² og 0,1 km² areal i INON-sone 1 vert redusert til sone 2. Ingen villmarksprega område vert råka. Ein del av bortfallet er knytt til regulering av Reinåvatnet med 1 meter. Reguleringar på under 1 meter vert ikkje rekna som tyngre tekniske inngrep. Dersom reguleringa av ulike årsaker vert redusert vil bortfallet av INON-områder verte monaleg mindre.

Nasjonale laksevassdrag

Vassdraget er ikkje lakseførande og heller ikkje blant dei nasjonale laksevassdraga.

Fylkesvise planar for småkraftverk

Nordland fylkeskommune har utarbeidd ”Regional plan om små vannkraftverk”, som var på høyring 21.12.2009 – 01.03.2010. Endeleg plan for fylkestinget si godkjenning er foreløpig ikkje ferdigstilt, men NVE vil trekkje fram dei foreløpige vurderingane frå temakarta. Prosjektet påverkar i følgje desse karta INON, ei bekkekløft og reindrift. Prosjektet påverkar ikkje dei resterande tema som er vurdert; naturvernområde og verna vassdrag, verdi for fisk, verdi for fiske, friluftsliv, viktige landskap og kulturmiljø av stor verdi.

Verknader av tiltaket - fordelar og skader/ulempar

Nedanfor har vi gjeve ei oversikt over kva NVE ser som dei viktigaste fordelane og skadane/ulempene ved den planlagde utbygginga:

Fordelar

- Prosjektet vil i følgje søknaden gje ca. 10,8 GWh i årleg fornybar energiproduksjon.
- Tiltaket vil styrkje næringsgrunnlaget for tiltakshavar og grunneigarar, og bidra til lokal verdiskaping.

Ulemper

- Ei utbygging vil medføre redusert vassføring i Reinåga.
- Redusert vassføring i Reinåga vil redusere fossen sin verdi som landskapselement.
- Ei regulering av Reinåvatnet vil medføre endra vasstandvariasjonar i vatnet, noko som vil påverke landskapsopplevinga ved vatnet og medføre erosjon.
- Ei røyrgate på 850 m medfører inngrep i landskapet.
- Tiltaket vil påverke område der det er gjort registreringar av viktige naturtypar og raudlista artar.
- Tiltaket vil redusere INON-område.

NVEs vurdering

Det er søkt om konsesjon for bygging av Reinåga kraftverk i Hemnes kommune og løyve til å regulere Reinåvatnet med 1 m. Inntaket i Reinåga skal liggje ved utløpet frå Reinåvatnet på kote 700. Kraftstasjonen er planlagt på kote 120.

Hemnes kommune er positive til utbygginga. Fylkesmannen i Nordland meiner at det ikkje bør gjevast konsesjon til dei omsøkte planane på grunn av usikkerheit kring påverknad av viktig naturtype kystgranskog nedstraums kraftstasjon. Sweco foreslår å flytte kraftstasjonen 10-15 høgdemeter opp i elva for å avbøte verknadar på kystgranskogen. FM er einige i dette forslaget. Nordland fylkeskommune er positive til ei utbygging dersom kraftstasjonsplasseringa vert som foreslått av Sweco. Reindriftsforvaltninga i Nordland påpeiker at det er viktig med kontakt mellom tiltakshavar og reindrifta for å unngå konflikhtar. Utover dette har dei ingen merknader. Statens vegvesen har ikkje spesielle merknader. Rana Zoologiske Foreining og NOF, Rana lokallag peiker på forhold som dei meiner svekkjer miljørapporten. Dei er også skeptiske til inngrep som reduserer INON-område. Helgelandskraft har per i dag ikkje ledig kapasitet i distribusjonsnettet.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Det planlagde prosjektet Reinåga kraftverk har eit nedbørfelt på 4,1 km² ved inntaket og middelvassføringa er berekna til 0,33 m³/s. Maksimal slukeevne er sett til 0,66 m³/s noko som utgjør 200 % av middelvassføringa. I eit år med avrenning lik gjennomsnittet vil det vere overløp over dammen 55 dagar. I eit middels år vil det vere 114 dagar der vassføringa er lågare enn summen av minste slukeevne og minste vassføringa. I og med at det er planar om regulering vil vatnet i slike høve verte lagra i magasinet og berre minste vassføring vert sleppt frå vatnet. Alminneleg lågvassføring ved inntaket er berekna til 20 l/s. 5-persentil verdien for sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 60 l/s og 10 l/s. Det er føreslege slepp av minste vassføring lik 5-persentil verdien.

Dersom det planlagde kraftverket i Reinåga vert realisert vil vassføringa i eit gjennomsnittleg år for ein stor del vere prega av slukeevna som er planlagt i kraftverket. Minste vassføringa vil i periodar vere den dominerande vassføringa i elva. Ein vil få færre periodar med flaumvassføring over året, men som nemnt ovanfor vil ein ha dagar der det er overløp over dammen og dermed relativt stor vassføring i elva. NVE meiner, med eit atterhald om avgrensa magasinering, at dette vil vere med på å oppretthalde noko av vassdraget sin naturlege vassføringsdynamikk.

Biologisk mangfald

Terrestrisk miljø

Sweco Norge AS har gjort feltregistreringar av flora i influensområdet rundt Reinåga. Naturtypar, karplanter, mosar og lav er undersøkt. Reinåga er også undersøkt i samband med Bekkekløftprosjektet til Direktoratet for naturforvaltning og biologisk mangfald registrering i Hemnes kommune.

Det er registrert ei regionalt viktig (B) bekkekløft innanfor tiltaksområdet. I tillegg er det registrert bekkekløft og kystgranskog med stor verdi rett nedstraums den planlagde kraftstasjonen. I alt er det registrert 8 raudlista lav- og soppartar i tiltaksområdet og området rett nedstraums den planlagde kraftstasjonen. Tre av desse i kategori sårbar (VU), dei resterande fem i kategori nær trua (NT).

Bekkekløft er omtala som ein viktig naturtype i DN-handbok nr 13 (2006) og er foreslått som utvald naturtype med bakgrunn i naturmangfaldlova. Naturtypen er kjenneteikna av konstant høge luftfuktverdiar og kan romme ulike utformingar og variasjonar innanfor same vassdrag. Desse

vekslingane i naturforhold gjev potensiale for eit høgt artsmangfald og stort innslag av raudlisteartar. Alle inngrep som endrar fukt- og lystilhøva i naturtypen vil vere ein trussel for mangfaldet.

Bekkekløft er ein naturtype direkte knytt til vassdraget. Den er utforma på bakgrunn av elva sin topografi, orientering i terrenget og vassføring. Fråføring av vatn vil påverke naturtypen og artane som lever der negativt. I DN sin naturbase er heile Reinåga klassifisert som bekkekløft. Sweco er i sin miljørapport ikkje einig i denne vurderinga sidan Reinåga i det planlagde tiltaksområdet ikkje er noko velutvikla kløft, men tvert imot går høgt i terrenget. Sweco trekkjer fram førekomstar av bekkekløfter i ravine med gammal og fuktpåverka skog nedstraums den planlagde kraftstasjonen. Dette er områder som i bekkekløftprosjektet er vurdert til å ha regional til nasjonal verdi (4). I Bekkekløftprosjektet vert naturverdiane knytt til det bratte strykpartiet i Reinåga rekna som marginale ut ifrå bekkekløftkriterium.

Kystgranskog er avgrensa som naturtype i DN-handbok nr 13, og er som ein av tre naturtypar i Noreg lista som sterkt trua (EN) i raudliste for naturtypar (2011). Dette er ein boreal regnskog med gran som dominerande treslag. Naturtypen er karakterisert av fuktig og kjølig granskog med eit nettverk av rennande vatn og sig. I slik skog er mangfaldet av lav- og moseartar stort. Det er frodige og artsrike førekomstar av lav på trea. Kystgranskog er ein viktig naturtype fordi den inneheld fleire lavartar som har sine einaste eller viktigaste veksestadar i denne skogtypen. Også mosefloraen er sær eigen. Kystgranskogen må reknast som vestleg avslutning av taigaen der den grensar mot havet. Dette gjev Noreg eit internasjonalt ansvar for å ta vare på denne naturtypen. Trådragg er ein typisk raudlista art i slik skog. Alle inngrep som endrar fuktregimet vil true naturtypen. Dette inkluderar også hogst og vegbygging. Kystgranskogen er spesielt sårbar for endringar grunna svært spesielle og komplekse økologiske vilkår og strukturar (Artsdatabanken)

Blant dei raudlista artane er gubbeskjegg (*Alectoria sarmentosa*) (NT). Gubbeskjegg er funne i rikelege førekomstar på kote 400 og 500, samt at den er representert i bekkekløft/kystgranskogen nedanfor planlagt kraftstasjon. Gubbeskjegg veks vanlegvis som epifytt på bartre. Arten er framleis relativt vanleg i Noreg, men har hamna på raudlista fordi ein har sett at den er svært redusert i område med intensivt skogbruk. Populasjonane er framleis store og livskraftige i mellomboreal og nordboreal skog. Spesielt gjeld dette i områder med mykje gammal granskog. Optimalt habitat for arten er gamle tre i relativt glissen skog. Gubbeskjegg kan sjåast på som ein indikatorart på velutvikla epifyttisk lavflora i barskog. Når gubbeskjegg forsvinn er det mange andre artar som også forsvinn (Artsdatabanken).

Dei resterande raudlista lav- og soppartane vart funne gjennom bekkekløftprosjektet i området nedstraums planlagt kraftstasjon. Ein av desse er den fuktkrevjande lavarten trådragg (*Ramalina thrausta*) (VU). Trådragg vart gjennom bekkekløftprosjektet funne over heile den avgrensa lokaliteten rett nedstraums planlagt kraftstasjon. Trådragg veks hovudsakleg på greiner av gran i fuktig granskog, samt på skuggefulle og mosekleddede bergveggar. Sjeldan kan den også opptre på stein i fjellet og klippar ved havet. I hovudsak finn ein trådragg i granskogområde frå Telemark til Nordland. Den kan reknast som vanleg i kystgranskogen i Trøndelag. Elles er arten sjeldan. I Norsk raudliste av 2010 er arten kategorisert som sårbar (VU). Den viktigaste faktoren som har gjort arten sårbar er arealpåverknader i skog. Arten er truga av hogst og andre inngrep som tørkar ut habitatet (Artsdatabanken).

Dei 6 andre raudlista lav- og soppartane er granbendellav (*Bactrospora corticola*) (VU), meldråpelav (*Cliostomum leprosum*) (VU), langnål (*Chaenotheca gracillima*) (NT), huldrelav (*Gyalecta friesii*) (NT), rustdoggnål (*Sclerophora coniophaea*) og den vedbuande soppen gammelgranskål (*Pseudographis pinicola*) (NT). Dette er alle artar knytt til gran i gammal granskog eller fuktig granskog, der truslane er rekna å vere plukk- og flatehogst, som mellom anna påverkar tilgang på lys, fuktregime og substrat å vekse på.

Sweco gjorde også undersøkingar i forhold til fugl og pattedyr i tiltaksområdet. Av fugl vart det under feltarbeid registrert fossekall, hegre og raudstrupe. Det er kjent at også ugler, flaggspett, nøtteskrike og storfugl fins i nærområdet. Storlom (NT) er tidlegare registrert ved det nærliggjande Middagsvatnet, men NVE er ikkje kjend med at den nyttar Reinåvatnet som hekkeområde. Det ligg ikkje føre registreringar av hekking i naturbase, og verken NOF eller Fylkesmannen syner til at den er påvist. Fylkesmannen vil ikkje utelukke hekking grunna registrering i Middagsvatnet. NVE legg til grunn at så lenge det ikkje ligg føre meir konkrete vurderingar som gjer det sannsynleg at arten hekkar i vatnet er ikkje Reinåvatnet å rekne som hekkelokalitet for storlom.

Det er ikkje kjent hekking av rovfugl i området, jf. Sweco sin referanse til FM. NOF, Rana lokallag kritiserer 10. september som tidspunkt for registrering av fugl, og påpeiker at strandsnipe er komme inn på den nye raudlista (2010). Sweco svarer i e-post av 22.08.2011 at tidspunktet for feltregistrering ikkje var optimalt, men at NOF generelt ønskjer mykje meir kartlegging enn det som er kravet for ein småkraftsøknad. Det vert også hevda at strandsnipe ikkje vil verte råka av ei beskjeden regulering som den som er planlagt.

I området fins det også nokre raudlista pattedyr. Prosjektområdet inngår i leveområdet til både gaupe (VU), jerv (EN) og bjørn (EN).

Når det gjeld korleis prosjektet vil påverke det terrestre miljøet i området er det etter NVE si meining størst konflikt i samband med den viktige kystgranskogen og bekkekløftlokaliteten rett nedstraums planlagd kraftstasjonsplassering. Denne lokaliteten inneheld 8 raudlista lav- og soppartar. Slik det kjem fram av kartmaterialet til Småkraft AS er kraftstasjonen planlagt slik at avløpsvatnet vert slept berre i det sørlege løpet av Reinåga, medan det nordlege vil ha redusert vassføring der det renn gjennom kystgranskogen. NVE er einig med fylkeskommunen, FM og tilleggsvurderinga til Sweco om at prosjektet slik det er skildra i søknaden vil kunne komme i konflikt med verdiar knytt til biologisk mangfald ved at fuktregimet i kystgranskogen vert endra, og dermed også livsvilkåra for artar som veks der. Mellom anna trådrag (VU) er avhengig av fuktig miljø. Det vil ikkje vere fysiske inngrep som direkte råkar lokaliteten med kystgranskog. NVE meiner at avbøtande tiltak er nødvendige ved ei ev. utbygging, for å ta vare på den verdifulle kystgranskogen. NVE er einig med FM i at Sweco si alternative plassering av kraftstasjonen er ei god løysing. Ved å flytte kraftstasjonen 10-15 høgdemeter rett nordover, vil ein kunne plassere denne mellom Reinåga sine to løp, og sleppe avløpsvatnet ut i begge løpa. På denne måten vil ikkje vegetasjonen nedstraums kraftstasjonen bli påverka av tiltaket. Dette vil medføre eit produksjonstap på om lag 2,5 %.

Frå kraftstasjonen og opp til kote 300 skal røyrkata gravast ned og ein får ei oppgradering av allereie eksisterande traktorveg. Dette er tiltak som direkte påverkar vegetasjonen i området. I dette området har Sweco påvist vegetasjonstypene blåbærgranskog og høgstaudegranskog. Jf. vegetasjonstyper i Norge (Fremstad og Moen, 2001) er høgstaudegranskog klassifisert som omsynskrevjande. Sweco vurderer at dette området er noko påverka av hogst. I si konsekvensvurdering skriv Sweco at blåbærgranskogen og kanskje noko høgstaudegranskog vil bli direkte råka av røyrkatetråsen. NVE ser at tiltaket vil kunne ha negative konsekvensar for ein omsynskrevjande vegetasjonstype. Vi vurderer at ved å bruke så lite areal som mogleg til røyrkatetråsen og ved å ta vare på vekstlaget, slik at dette kan tilbakeførast etter anleggsperioden vil ein framskynde revegeteringsprosessen og dermed kunne avgrense denne påverknaden noko. Sweco har vurdert at revegeteringsfasen vil vere middels lang i dette området.

Frå om lag kote 370 går skogen over i til dels svært gammal granskog. Her er det lite spor etter hogst og ein finn mykje død ved. I denne delen av området finn ein også rikeleg førekomst av den raudlista arten gubbeskjegg (NT). I gammal skog finn ein tre av alle aldrar, noko som bidreg til ein svært divers, og ofte svært spesialisert flora og fauna. Sweco har vurdert området til verdi B – regionalt viktig. Gjennom dette området skal vassvegen gå i tunell og sjakt. Det skal heller ikkje byggjast veg gjennom området. NVE vurderer difor at tiltaket ikkje vil påverke gammalskogen med gubbeskjegg.

Lenger oppe endrar vegetasjonen seg først til bjørkeskog og deretter til ope fjellandskap ved det planlagde inntaksområdet og rundt Reinåvatnet. Reinåvatnet skal regulerast med 1 m. Vegetasjon som er avhengig av vasstanden i vatnet vil bli påverka av dette. Sweco omtalar vegetasjonen kring vatnet som "noe rik". Utløpet frå Reinåvatnet til Reinåga er ganske trangt, og der vil difor kunne vere oppstuing av vatn. Ut i frå dette vurderer Sweco, og også NVE at det naturleg vil vere ein relativt høg grad av variasjon i vasstand. Dette medfører at vegetasjonen slik den er i dag har måtta tilpassa seg våte periodar, og dermed ikkje vil bli like mykje påverka av ei regulering, som rundt eit vatn med meir stabil vasstand. NVE meiner vegetasjonen til ei viss grad vil kunne bli påverka negativt av ei regulering av Reinåvatnet, men tek med seg Sweco si vurdering av at denne vegetasjonen ikkje er av spesiell verdifull utforming.

NVE vil vise til OED sine retningslinjer for små vasskraftverk, der det står; *"tiltak som kommer i konflikt med arter som er "kritisk truet" eller "sterkt truet", eller naturtyper Norge har et internasjonalt ansvar for... kan ikke påregne å få konsesjon"*. Vidare står det *"tiltak som kommer i konflikt med biologisk mangfold av stor og middels verdi forøvrig må påregne pålegg om avbøtende tiltak som reduserer konflikten..."* Sjølv om bekkekløftene i Reinåga ikkje er av typisk utforming, har strekninga nedstraums planlagt kraftstasjon fått verdi B, og det er funne raudlista artar i tilknytning til lokaliteten. Kystgranskogen er den vestlege avgrensinga av taigaen, og Noreg kan såleis seiast å ha eit internasjonalt ansvar for denne naturtypen. Kystgranskog er også kategorisert som sterkt trua (EN) i norsk raudliste for naturtypar (2011), og inneheld 8 raudlista lav- og soppartar i kategoriane VU og NT. Raudlisteartar i dei nemnde kategoriane inngår i biologisk mangfald av middels til stor verdi. Miljørapporten har vurdert verdien av biologisk mangfald i influensområdet til å vere middels og konsekvensen av ei utbygging er sett til liten – middels negativ. NVE vurderer det slik at bekkekløfta jf. OED sine retningslinjer, er ein naturtype Noreg har internasjonalt ansvar for. Det same gjeld kystgranskog. Sidan det biologiske mangfaldet i desse naturtypane inngår i kategorien middels til stor verdi, må det påreknast avbøtande tiltak dersom konsesjon vert gjeve. Slik det er tilfelle her meiner NVE at dersom kraftstasjonen vert trekt noko lenger opp i elva, slik som Fylkesmannen og Nordland fylkeskommune peikar på, vil dette vere eit særskilt eigna avbøtande tiltak ved at kraftverket då kan få eit styrt utløp til begge elveløpa som renn gjennom denne lokaliteten med kystgranskog.

Det er registrert vasstilknytt fugl som fossekall og hegre i vassdraget. Det er ikkje avklara om fossekallen hekkar, men med stryk og fossar til stades ligg forholda til rette for dette. Mindre vassføring i elva vil gje mindre fossesprøyt, samt lågare lydnivå, som vil kunne gje dårlegare kamuflasje for reirplass i hekketida. Hegre har ikkje reir i tilknytning til elva, og vil ev. kunne bli påverka i sitt søk etter føde. Anna fugl og vilt i området vil kunne bli påverka i anleggsperioden, med det resultat at dei skyr området. I driftsfasen vil denne verknaden opphøyre og viltet returnere til området. NVE har difor ikkje tillagt dette særskild vekt.

Akvatisk miljø

Det er både aure og røye i Reinåvatnet. Auren er sett ut i vatnet for mange år sidan. Det er noko fiske med garn i vatnet, og ein har fangst av røye på opp til 2 kg. Aure vert det fanga lite av, og ein reknar bestanden for å vere liten. I miljørapporten skriv Sweco at røye truleg kan vandre eit stykke nedover i Reinåga på næringsøk. Dette er NVE ueinige i, då der er hindringar i utløpet frå Reinåvatnet som gjer det umogleg for røye å komme opp att til vatnet. Sweco skriv at det mest sannsynleg er områder nedst i Reinåga, nedanfor planlagd kraftstasjon, som eignar seg til gyte- og oppvekstområde for aure. Ein godt utvikla kantvegetasjon langs denne delen av elva er med på å danne gode tilhøve for fisk. Denne lokaliteten vert i liten grad påverka av tiltaket.

Ei regulering av Reinåvatnet vil kunne føre til endringar i innsjøarealet. FM skriv at undersøkingar har vist at eit auka innsjøareal resulterer i auka betyding av planteplankton framfor høgare påvekstalar. Ved større variasjonar i vasstand vil ein kunne få ein oppsving i dyreplanktonsamfunnet i starten,

medan det på lang sikt vil bli lite påverka. Det kan bli reduksjon i både mengde og artar når det gjeld botndyrfaunaen. Dette er endringar som kan påverke næringsforholda for fisk. Sweco skriv i sin miljørapport at ei heving av vasstanden i den første tida vil føre til auka næringsgrunnlag for auren, som i hovudsak beitar på botndyr, og dermed gje ein oppsving i bestanden. Dette er ein effekt som vil avta etter kvart som dei nye vassdekte areala vert utvaska. Ein må rekne med at det på lang sikt vert mindre aure i Reinåvatnet etter ei eventuell utbygging, men bestanden er etter NVE si meining av avgrensa verdi. Sweco meiner at for røya vil tiltaket gje mindre konsekvensar og denne vil bli lite påverka av ei utbygging. NVE er einige med Sweco i vurdering av at aure er meir sårbar for regulering enn røye. Vi trur likevel at i eit grunt vatn som Reinåvatnet vil ei senking av vasstand, og dermed reduksjon av innsjøarealet kunne vere negativt for røyebestanden i vatnet dersom denne gyt i dei grunnaste partia som vert påverka av regulering. Eit avbøtande tiltak vil her kunne vere at ein har anledning til å heve vasstand med 0,5 m, men ikkje å senke vasstanden. Samla sett vurderer NVE verknadene for fiskebestanden i Reinåvatnet som avgrensa.

Med eit eventuelt kraftverk i Reinåga vil periodane med låg vassføring bli fleire og lenger. Miljøet i elva vil over tid vere prega av at det berre går ev. minstevassføring i elva. Arealet i elva som er dekt med vatn vil bli mindre enn i dag. Dette vil vere avgjerande for produksjonen i elva. Dette gjeld både botndyrfauna og ev. fisk. Produksjonsarealet vil gå ned, og dermed vil det bli produsert mindre biomasse fisk og botndyr i elva. NVE meiner tilstrekkeleg minstevassføring vil vere avgjerande for å oppretthalde noko habitat for fisk og botndyrfauna, og dermed også produksjon av noko biomasse.

Kraftverket er ikkje planlagt med omløpsventil. Strekninga i Reinåga som vert fråført vatn ved ei utbygging er relativt lang (1800 m). Ved eit eventuelt utfall av kraftstasjonen vil det difor ta lang tid før eit overløp ved inntaket når kraftstasjonen. Eit utfall vil føre til rask reduksjon av vasstand, og tørrlegging av ein del areal. I periodar med full produksjon i kraftverket vil vassføringa nedstrøms kraftverket kunne gå frå over 0,66 m³/s, som er omsøkt maksimal slukeevne til ei eventuell minstevassføring og eventuelt bidrag frå restfelt. I slike tilfeller er det høgst sannsynleg at ein får stranding av fisk.

NVE legg til grunn Sweco sin miljørapport, som konkluderar med at Reinåga har liten verdi for fisk, og FM sin uttale der fisk i Reinåga ikkje er omtala. NVE finn ikkje at installasjon av omløpsventil vil gje fordelar som står i forhold til kostnadane. NVE vel difor å ikkje setje krav om dette. NVE meiner likevel at tilstrekkeleg minstevassføring vil vere avgjerande for å gjere skadane på fisk og botndyrfauna minst mogleg ved eit eventuelt utfall av kraftstasjonen. Dersom minstevassføringa er stor nok vil ein ha områder i elva, der det er søkk og kulpar, som også i slike situasjonar vert dekt med vatn. Dette vil kunne oppretthalde eit minimum av miljø for dei akvatiske organismane i den tida det tek før eit overløp ved inntaket når strekninga nedstrøms kraftstasjonen. Ei minstevassføring vil også bidra til å oppretthalde ein viss produksjon av botndyr og sikre ev. gyte- og oppvekstområde for fisk på elvestrekninga som er utbygd.

Forholdet til naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova (nml) trådte i kraft den 1. juli 2009. Lova legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og fastset forvaltningsmål for artar, naturtypar og økosystem. For å oppfylle desse forvaltningsmåla er det i nml også inkludert ei rekkje miljørettslege prinsipp. Døme på slike er krav om kunnskapsgrunnlag, føre-var-prinsippet, og prinsipp om økosystemforvaltning og samla belastning. Alle offentlege avgjersler som er avgjerande for naturmangfaldet skal vurderast etter nml. I NVE si vurdering av Reinåga kraftverk legg vil til grunn bestemmingane i §§ 4 og 5, samt §§ 8-12, jf. lova sin § 7 om prinsipp for offentlege avgjersler.

Forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem § 4

Jf. naturmangfaldlova § 4 er målet at mangfaldet av naturtypar vert ivareteke innanfor deira naturlege utbreiingsområde og med det artsmangfaldet og dei økologiske prosessane som kjenneteiknar den einskilde naturtypen.

§ 52 i nml kapittel VI opnar for at det kan fastsetjast forskrift som gjev naturtypar status som utvald for å fremje målet i lova sin § 4. NVE vurderer vidare at trua og/eller sårbare vegetasjonstypar eller område som er kartlagt som utvalde naturtypar med verdi viktig (B) eller svært viktig (A) bør vektleggast sterkare enn trivielle vegetasjons- og naturtypar. Det er registrert ei viktig (B) bekkekløft i tiltaksområdet, samt at området rett nedstraums planlagt kraftstasjon har fått verdi 4 (regionalt til nasjonalt viktig) i bekkekløftprosjektet og mellom anna inneheld kystgranskog, som er ein trua naturtype (EN). Ei utbygging av Reinåga kraftverk vil difor etter vår meining, som skildra ovanfor, kunne komme i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem, dersom ikkje tilstrekkelege avbøtande tiltak vert sett i verk.

Forvaltningsmål for artar § 5

Jf. nml § 5 er det eit langsiktig mål at artar og deira genetiske mangfald skal takast vare på, og at artane førekjem i levedyktige populasjonar i sine naturlege utbreiingsområde. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet tek ein også vare på artane sine økologiske funksjonsområde og andre økologiske føresetnader dei er avhengige av.

Naturmangfaldlova § 23 opnar for at det kan fastsetjast forskrift med artar som skal prioriterast for å fremje målet i lova sin § 5. NVE vurderer vidare at trua og/eller sårbare artar bør vektleggast sterkare enn trivielle artar med livskraftige populasjonar. Ingen av dei registrerte artane i influensområdet er blant artane som til no er fastsett som prioriterte artar. Det er funne 8 raudlista artar i vegetasjonen innanfor influensområdet. 7 lav og 1 vedbuande sopp. Fleire av desse artane er knytt til fuktig og gammal granskog, 3 av artane er i raudlistekategori sårbar (VU), medan dei resterande 5 er rekna som nær trua (NT). Nokre av desse artane, til dømes trådragg, er artar ein kan anta vil bli påverka av ei utbygging. I bekkekløftprosjektet vart det også konkludert med at nedanfor planlagt kraftstasjon er det potensiale for epifyttiske mosar og mosar knytt til elvekanten. Difor vil ei utbygging av Reinåga kraftverk kunne komme i konflikt med forvaltningsmålet for artar, dersom ikkje tilstrekkelege avbøtande tiltak vert sett i verk.

Kunnskapsgrunnlaget § 8

Av naturmangfaldlova § 8 første ledd les ein at avgjersler som påverkar naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg byggje på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandsituasjon, naturtypen sin utbreiing og økologiske tilstand, samt effekt av den eventuelle påverknaden. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Biologisk mangfald i influensområdet er kartlagt i ein eigen rapport som er utarbeidd av Sweco AS for Småkraft AS. Denne er i samsvar med dei krav som er fastsett av NVE for utarbeiding av rapportar om biologisk mangfald. I tillegg har Sweco etter uttale frå FM gjort ei ekstra kartlegging av følgjene av den planlagde utbygginga på verdifull kystgranskog nedstraums planlagt kraftstasjon. Søknaden om Reinåga kraftverk er send på alminneleg høyring til lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar. Det er føreteke søk i DN sin naturbase og artsdatabanken sitt artskart (06.01.2012). NVE har vore på synfaring i området saman med representantar for søkjar og Hemnes kommune. Etter NVE si vurdering er kunnskapsgrunnlaget i forhold til biologisk mangfald med dette tilstrekkeleg, jf. nml § 8. NVE er ikkje einig med NOF og Zoologisk foreining, avd. Rana, i at kartlegginga av fugl ikkje er god nok, då den er gjort i samsvar med dei krava som gjeld, og som er fastsett i samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning.

Føre-var-prinsippet § 9

Paragrafen skal sjåast i samanheng med vurdering av kunnskapsgrunnlaget, som er omtala ovanfor. For at ein skal gjere bruk av denne paragrafen er det ein føresetnad at det er ein reell risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet. NVE kan ikkje sjå at denne føresetnaden er oppfylt i denne saka.

Økosystemtilnærming og samla belastning § 10

§ 10 i naturmangfaldlova seier at påverknad på eit økosystem skal vurderast ut i frå den samla belastninga som økosystemet er, eller vil bli utsett for. Ut i frå dette prinsippet må ein i tillegg til det aktuelle prosjektet også ha kunnskap om andre tiltak og påverknadar på det aktuelle økosystemet, jf § 8 om kunnskapsgrunnlaget. Berre slik kan ein identifisere den samla belastninga. I vår vurdering av samla belastning i Reinåga skal vi ta omsyn til inngrepsstatus i dag og inngrep som er venta i framtida. Våre vurderingar i forhold til dette er presentert nedanfor, under temaet "Samla belastning".

Kostnadane ved reduserte miljøverdiar skal berast av tiltakshavar § 11

Jf. naturmangfaldlova § 11 skal tiltakshavar dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket forårsakar, dersom dette ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter. Ved ein ev. konsesjon for Reinåga kraftverk vert det gjeve eit sett vilkår som skal ivareta dette prinsippet.

Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar § 12

Paragrafen gjeld val av driftsmetodar, teknikk eller lokalisering "for å unngå eller begrense skader" på naturmangfaldet. NVE ser i si vurdering på moglege tiltak for å unngå eller avgrense negative konsekvensar for naturmangfaldet ved ei utbygging. For Reinåga kraftverk har spesielt plassering av kraftstasjonen vore viktig i vår vurdering. Ved å følgje anbefaling frå Sweco og Fylkesmannen og flytte kraftstasjonen om lag 13 høgdemeter oppover i elva, i forhold til opphavleg søknad, meiner NVE at ein reduserer skader på kystgranskog og det biologiske mangfaldet knytt til denne. Samtidig vurderer NVE at tap av desse høgdemeterane ikkje vil vere avgjerande for prosjektet.

Landskap

Landskapet i influensområdet til det omsøkte Reinåga kraftverk kan delast opp i tre landskapsrom. Eitt område omfattar området ved inntaksdammen og landskapet rundt Reinåvatnet. Det andre omfattar strekninga nedstraums inntak og nedover fjellsida til skoggrensa. Det siste området er den nedste strekninga der elva renn gjennom skogen. Tiltaket vil redusere INON-sone 2 med 4,7 km² og 0,1 km² av sone 1 vil få redusert verdi til sone 2. Ingen villmarksprega område vert råka av tiltaket.

Området der inntaket og dammen er planlagt ligg relativt urørt av menneske. Det fins restar etter ein gammal steindam i området og det ligg nokre hytter rundt Reinåvatnet. Landskapet er ope og flatt, og ein betongdam vil vere godt synleg. Dammen vil bli 5 m brei og 2 – 2,5 m høg og er såleis ikkje eit veldig stort byggverk. Det skal heller ikkje vere veg til inntaket. Transport av materiale skal skje med helikopter. Ei regulering av Reinåvatnet vil etter NVE si meining vere tydeleg i landskapsrommet, spesielt gjeld dette ei eventuell senking av vasstand som vil synleggjere område frie for vegetasjon. Reinåvatnet er i indre del grunt og truleg med store avsetningar av sediment. NVE meiner ei senking av vasstand vil kunne føre til at elver med innløp i vatnet kan grave i desse områda ved nedtappa vasstand. Dette ser NVE som uheldig. NVE meiner at ved å unngå å senke vatnet gjennom regulering kan ein på ein god måte avbøte mykje av den negative konsekvensen for Reinåvatnet som landskapselement. NVE vurderer at dei tekniske inngrepa vil redusere landskapsverdien til området noko, men at omfanget av dam og inntak likevel vil vere såpass avgrensa at dette er akseptabelt så

lenge inngrep i dette opne landskapet vert via særskilt merksemd i detaljplanprosessen. Dette kan NVE sjå til at vert gjort i medhald av standardvilkår ved ein ev. konsesjon.

Frå inntaket og ned til kote 300 vil vassvegen gå i sjakt og tunell. På denne strekninga vil det ikkje vere inngrep i terrenget som påverkar landskapet. Her vil den reduserte vasstanden i Reinåga vere det som påverkar landskapet mest. Reinåga fell her bratt ned lia på svaberg og er godt synleg og eit framtrédande landskapselement nede frå dalen. Elva er her synleg også frå fylkesvegen. Ved ei utbygging vil denne synlege strekninga av Reinåga få lenger periodar med minstevassføring enn det som er tilfellet i dag. NVE meiner at dette vil føre til reduserte landskapskvalitetar i området. I periodar med flaum, som gjerne inntreff vår og haust, vil den omsøkte slukeevna på 0,66 m³/s ikkje påverke vassføringa veldig mykje og ein vil få ei oppleving av elva tilnærma som før ei utbygging. I følgje den hydrologiske rapporten som er utarbeidd vil det i eit middels år vere 55 dagar der vassføringa i elva er større enn største slukeevne. NVE meiner at ein med denne slukeevna og ei avgrensa magasinerings vil behalde noko av elva sine naturlege vasstandsvariasjonar og dermed opprettheld ein også noko av verdien elva har som blikkfang i landskapsrommet i periodar med stor vassføring.

Gjennom den nedste delen av prosjektområdet renn Reinåga rolegare og gjennom tett skog. Her er ikkje elva noko landskapselement i det store landskapsrommet. For å sjå elva må ein på denne strekninga heilt nær inntil den. På denne strekninga vil det skje ei utbetring av veg, ny veg til kraftstasjon og nedgraving av røyr. I skogsterreng er dette eit inngrep som synast svært godt og i anleggsperiode og tidleg driftsperiode vil framstå som markerte sår i landskapet. Sweco har vurdert at revegeteringa i dette område vil skje med middels hastigheit. NVE vurderer at inngrepa knytt til veg og nedgraven røyrgate vil redusere landskapsverdiane til området. Dette gjeld spesielt den første tida etter utbygging. Revegetering med stadeigen masse vil framskynde etablering av ny vegetasjon. Saman med planmessig uttak av skog i røyrgate og ved tunellpåhogg meiner NVE at desse sår i landskapet vil minske og bli mindre framtrédande med tida når vegetasjonen har fått tid til å etablere seg på nytt.

NVE vurderer at ei utbygging av Reinåga kraftverk vil redusere landskapsverdiar knytt til først og fremst lågare vassføring i det markerte fossepartiet og utbetring/ny veg og røyrgate i det nedre partiet. Avbøtande tiltak som tilstrekkjeleg minstevassføring og skånsamt anleggsarbeid med fokus på revegetering av stadeigne artar vil minske dei negative konsekvensane tiltaket har på landskapsverdiar i området. NVE er einig med Rana zoologiske Foreining og NOF, Rana lokallag i at tap av INON-område er uheldig, men NVE vurderer at konsekvensane for det omsøkte prosjektet er relativt små, ved at det nesten utelukkande er INON-sone 2 som vert påverka.

Kulturminne

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Av kulturminne knytt til nyare tids bruk av området har det vore kvern nedst i Reinåga. Det er i dag ingen restar av denne. I Sweco sin miljørapport kjem det fram at på grunn av lang tid med reindrift i området er det sannsynleg at der kan finnast automatisk freda samiske kulturminne. Her er Sametinget kulturminnemyndigheit. Sametinget må kontaktast og skal ha moglegheit til å synfare området før tiltaket vert sett i gang. NVE vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke kjende kulturminneverdiar men minner om at Nordland fylkeskommune viser til tiltakshavar si aktsemd- og meldeplikt, dersom ein skulle finne kulturminne under anleggsarbeid, jf. kulturminnelova §§ 3, 4 og 9 andre ledd.

Landbruk

I Hemnes kommune har ein eit variert landbruk, og også i influensområdet til det omsøkte tiltaket finn ein jordbruksaktivitet. Rett nedstraums planlagt kraftstasjon er det dyrka mark rett ved elva. Sau og storfedrift er dei viktigaste retningane av jordbruk i området. Oppover lia langs elva er det også skog som kan drivast. Sweco skriv i miljørapporten at dei observerte gamle hogstfelt oppe i lia. Samtidig er det ein del svært gammal skog i området. Dette tyder på at det generelt har vore lite hogst i området. Det omsøkte tiltaket vil føre til hogst av ei gate på minst 15-20 m gjennom skogen i traseen for røyrkata frå kraftstasjon og fram til starten på tunellen. Denne skogen vil gjerne vere i ein alder som ikkje er optimal for hogst, og såleis gje mindre avkastning enn om den hadde vorte hogd på eit seinare tidspunkt. Med tida vil det vekse opp ny skog i desse områda. Også bygging av kraftstasjonen krev at ein del skog må hoggast. Dette er areal som permanent vil vere frie for skog. Det same gjeld for den 200 m lange tilkomstvegen som er planlagt til kraftstasjonen. Deler av området er i dag i bruk som utmarksbeite for sau. Gjennom anleggsperioden kan støy og mykje folk føre til at sauene skyr området, men dette er forhold som vil normalisere seg når anleggsperioden er over. Samtidig som tiltaket kan føre til nokre mindre negative konsekvensar for landbruk i området, vil det også vere positive effektar for dei av bøndene som er grunneigarar og har inngått avtale med Småkraft. For desse vil Reinåga kraftverk kunne føre til auka inntekter til gardane, noko som er positivt for å oppretthalde landbruket og kulturlandskapet. NVE vurderer at det omsøkte tiltaket samla sett vil ha liten påverknad på landbruket i området.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

Vatnet frå Reinåga vert nytta som drikkevatn for om lag 8 husstandar og 2 fjøs. Inntaksbasseng for drikkevatn ligg på kote 165 i det nordlege løpet av Reinåga. Dette er ovanfor planlagd kraftstasjon og er dermed ein del av elva som vil få lågare vassføring etter ei ev. utbygging. Det er også skipa eit andelslag, Reinåga Vassverk, med totalt 13 partar, der nokre av desse ikkje lenger er aktive. Det vert opplyst i søknad at dei foreslåtte nivåa for minstevassføring vil overgå det som er nødvendig for uttak til drikkevatn. Det omsøkte tiltaket vil difor ikkje føre til endringar anna enn under delar av anleggsperioden. Denne tida må tiltakshavar skaffe drikkevatn til dei råka på anna måte. NVE vurderer at Reinåga kraftverk ikkje vil påverke forsyning av drikkevatn anna enn i ein periode under anleggsarbeidet.

Brukarinteresser

Det er friluftinteresser i området knytt til tur, børsanking, jakt og fiske. Annakvart år arrangerer Hemnes turistforeining Okstindmarsjen, ein fjellmarsj over to dagar rundt Okstindan frå Røssvatnet til Korgen. På dag to av marsjen passerer deltakarane i utkanten av influensområdet til det omsøkte Reinåga kraftverk. Turløypa passerer Durmålsvatnet og Middagsvatnet som ligg nær Reinåvatnet. På grunn av flatt og oversiktleg terreng vil ein frå områda rundt Reinåvatnet kunne sjå at vatnet er regulert. Spesielt vil dette vere tydeleg i periodar med lite vatn. Også dammen og inntaksarrangementet vil vere synleg, og gjerne redusere opplevingsverdien av området noko for turgåarar. Redusert vassføring i Reinåga vil påverke verdien elva har som turmål i seg sjølv. NVE har ikkje fått kjennskap til merka turstiar i området, utanom når Okstindmarsjen vert arrangert. Vi vurderer difor at friluftinteressene ikkje er veldig store og at tiltaket ikkje er så omfattande at det vil vere veldig negativt for dei interessene som finnast knytt til turaktivitetar. Ein kan avbøte påverknad på Reinåvatnet som turmål ved å unngå senkinga av vatnet.

Jakt vert gjennomført av grunneigarane sjølve og er stort sett elgjakt. Det føregår også noko rypejakt i øvre del av området, men det er ikkje organisert sal av kort. Jaktinteressene kan bli negativt påverka i anleggsfasen ved at dyra skyr området. Dette vil gå attende til det normale når ein kjem i gang med

driftsfasen. Som nemnt ovanfor fiskar grunneigarane med garn etter røye i Reinåvatnet. Dette er vurdert i avsnitt om *akvatisk miljø*. Det er opplyst i søknaden å ikkje vere fritidsfiske i Reinåga.

Reindrift

Prosjektområdet ligg innanfor Røssåga/Toven reinbeitedistrikt. I distriktet er det tre driftseiningar med i overkant av 1000 rein (2005/2006). Området vert nytta som reinbeite gjennom heile året. Det går trekkleier rett sør for riksvegen og på tvers av tiltaksområdet ved det planlagde inntaket. Trekkleier er viktige for å oppretthalde effektiv drift i området. Det er ingen anlegg for reindrift i området.

Ein dam med inntaksanordning er det einaste fysiske inngrepet innanfor området som vert nytta til reindrift. Området rundt inntaket vert nytta som haust- og vinterbeite for rein. Reinåvatnet er planlagt regulert med 1 m. Dette kan føre til litt endra istilhøve. Raske endringar i vasstand vil kunne føre til usikker is.

I anleggsperioden vil det vere støy av maskiner og folk i tiltaksområdet. Dette kan føre til at reinen skyr området. Reindriftsforvaltninga i Nordland har i si uttale skrive at dei ikkje har fått merknader til prosjektet frå det aktuelle reinbeitedistriktet. Dei legg vekt på at det er viktig med tett samarbeid mellom reindrifta og tiltakshavar slik at ein kan avgrense dei mest forstyrrande delane av anleggsarbeidet til periodar der ulempene for reindrifta vert minst mogleg.

NVE vurderer at det er uheldig med regulering av vatn i område som er nytta som trekkvegar for rein, men det omsøkte prosjektet medfører relativt lite påverknad på vasstanden i Reinåvatnet og vil truleg ikkje påverke istilhøva veldig negativt. NVE er einig i at det er anleggsfasen som vil medføre dei største negative konsekvensane for reindrift i området, og at ein dialog mellom tiltakshavar og reindrifta er avgjerande for å avgrense dei negative konsekvensane.

Verknader for samfunnet

Tiltaket vil kunne gje fornybar energi til om lag 500 husstandar. I utbyggingsfasen vil det kunne gje positive ringverknader for lokalt næringsliv i samband med auka sysselsetting. For kommunen vil det bli ei lita auke i skatteinntekter. NVE vurderer difor konsekvensen av tiltaket å vere litt positiv.

Konsekvensar av kraftlinjer

Den planlagde kraftstasjonen skal koplast på eksisterande nett via jordkabel. Jordkabelen vil følgje eksisterande veg og ein får dermed ikkje nye inngrep i landskapet. NVE vurderer konsekvensen av nye kraftlinjer til å vere liten.

Samla belastning

Sjølv om eit enkelt utbyggingsprosjekt ser ut til å ha relativt avgrensa negative konsekvensar for miljø og andre allmenne og private interesser, kan dei samla effektane frå mange slike prosjekt få store konsekvensar. I konsesjonsbehandling av småkraftverk må NVE vurdere den samla belastninga av vasskraftutbygging i eit geografisk avgrensa område. Dette kjem fram i forarbeida til vassressurslova i Ot.Pr. nr 39 (1998-1999), side 343 og OED sine retningslinjer for små vasskraftverk (juni 2007), samt naturmangfaldlova § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning".

Samla har Nordland fylke eit potensiale for å byggje ut til ein årleg produksjon på ca. 5 TWh frå små kraftverk. I Hemnes kommune er det bygd nokre kraftverk og ei rekkje prosjekt er under planlegging og bygging. Nærast det planlagde Reinåga kraftverk ligg dei konsesjonssøkte kraftverka Bjuråga og Bryggfjelldal, begge planlagde i Bjuråga om lag 3 km sør for Reinåga. NVE kan ikkje sjå at Reinåga kraftverk kjem i konflikt med eksisterande eller omsøkte prosjekt. Røssågavassdraget er allereie sterkt

prega av større vassdragsreguleringar og utbyggingar gjennom Øvre og Nedre Røssåga kraftverk og Bjerka kraftverk. I tillegg ligg det som nemnt inne fleire søknadar om utbygging i vassdraget. Slik sett kan ein seie at vassdragsnaturen i Hemnes er under eit visst press, som gjer at ein lyt vise ekstra varsemd dersom det skal gjevast løyve til nye kraftverk.

I vurderinga vår har vi merka oss at ingen av høyringsinstansane har peika på at samla belastning vil vere eit problem i denne saka. Dersom det vert teke omsyn, som å flytte kraftstasjonen nokre høgdemeter oppover i elva, samt å avgrense reguleringa, vil verknadene etter vårt syn ikkje strekkje seg utover influensområdet for dette kraftverket.

Oppsummering

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje om lag 10,8 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentleg bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. Dei siste to åra har NVE klarert om lag 1,3 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. NVE meiner at så lenge desse interessene ikkje er av svært stor verdi eller dersom dei kan avbøtast i tilstrekkeleg grad gjennom vilkår, så kan tiltaket få konsesjon. Dei konsesjonsgitte tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og på fornybar energi.

Tiltaket vil gje varige inntekter til tiltakshavar, grunneigarar og kommunen. Dei største ulempene ved tiltaket er etter NVE sitt syn fråføring av vatn i elveløp som renn gjennom verdifull kystgranskog med fleire raudlista artar. Landskapsmessig vil ein få store og synlege inngrep i nedre del av området, samt at ei strekning der Reinåga fell bratt nedover lia, og er eit tydeleg landskapselement, vil få lågare vassføring og dermed misse kvalitetar som blikkfang i landskapsrommet. NVE meiner at sidan området ikkje verkar vere mykje nytta til friluftsliv og rekreasjon, samt at delar av røyrgatetraseen går i tunell, vil negativ påverknad på allmenne interesser knytt til friluftsliv vere avgrensa. Sjølv om det vil ta tid, vil dei fysiske inngrepa knytt til veg og nedgraven røyrgate etter kvart vekse til med vegetasjon og verknaden på landskapet vil dermed stadig bli mindre. For at dette skal gå raskast mogleg er det viktig at inngrepa blir gjort så skånsamt som mogleg og at revegetering skjer med stadeigen vegetasjon.

NVE meiner at det må gjennomførast avbøtande tiltak dersom Reinåga kraftverk skal få konsesjon. Ved å flytte kraftstasjonen 10-15 høgdemeter rett nordover vil ein kunne plassere denne mellom Reinåga sine to elveløp og dermed kunne fordele avløpsvatnet i desse to slik at det nordlege løpet som renn gjennom viktig kystgranskog ikkje får redusert vassføring. Dette vil redusere produksjonen med om lag 0,24 GW/h. NVE finn ikkje ein slik reduksjon avgjerande. Ved å sleppe tilstrekkeleg minstevassføring gjennom heile året vil ein til ei viss grad kunne oppretthalde tilhøva for fuktkrevjande artar i og nær elva (heile elva er avgrensa som bekkekløft i naturbase), samt eventuell fisk og botndyrfauna i elva. Minstevassføring vil etter NVE si vurdering også avbøte noko på dei konsekvensane tiltaket vil ha for landskapet. Eit viktig avbøtande tiltak vil også vere god dialog mellom tiltakshavar og reindrifta i området, for å unngå den mest forstyrrande anleggsdrifta i periodar som er viktige for reinen. Ved å berre tillate ei heving av vasstanden i Reinåvatnet vil ein unngå at opplevinga av vatnet som landskapselement vert redusert som følge av tørrlagde strender utan vegetasjon. Ein vil også kunne unngå at det skjer noko erosjon i indre deler av vatnet. Produksjon vil i liten grad verte påverka ved ei slik avgrensing i reguleringshøgde.

NVE meiner at med dei ovanfor nemnde avbøtande tiltaka vil ulempene for biologisk mangfald, reindrift samt inngrep i landskapet ved ein konsesjon bli akseptable.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei føreliggande uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Småkraft AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Reinåga kraftverk. Løyvet blir gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til energilova

Småkraft AS har framlagt planar om installasjon av elektrisk høgspontanlegg som inneber 600 m 22 kV jordkabel til eksisterande linjenett.

Verknadene av linjetilknyttinga inngår i NVE si totalvurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

Vi finn det ikkje nødvendig med ein egen anleggskonsesjon etter energilova for høgspenstillknytting til 22 kV nett. Nødvendige høgspontanlegg, inkludert transformering, kan byggjast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon.

Om Småkraft AS ønskjer eigen anleggskonsesjon kan dei søke NVE særskild om dette når eksakte data for anlegget er klart.

Helgelandskraft har som netteigar og områdekonsesjonær kommentert linjetilknyttinga og påpeikt at det per i dag ikkje er moglegheit for innmating av Reinåga kraftverk. Det vert sett på fleire alternativ for å samordne innmating av fleire planlagde småkraftverk i området.

NVE har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytting er på plass før byggjastart. NVE vil ikkje behandle detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jf. konsesjonsvilkåra post 4.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Reguleringsgrenser og slepp av vatn

Følgjande reguleringsgrenser ligg til grunn for konsesjon gjeve av NVE:

Normalvasstand	moh	700
Høgaste tillatne reguleringsgrense (LRV)	moh	700,5
Lågast tillatne reguleringsgrense (LRV)	moh	700

Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevassføring som vert fastsett, og magasinet er på lågast tilletne vasstand, skal heile tilsiget sleppast forbi. Kraftverket skal i slike situasjonar ikkje vere i drift.

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	330
Alminneleg lågvassføring	l/s	20

5-persentil sommar	l/s	60
5-persentil vinter	l/s	10
Største slukeevne	l/s	660
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	200
Minste slukeevne	l/s	40

I Reinåga er det i følgje søknaden foreslått å sleppe ei minstevassføring tilsvarande 5-persentilverdien i elva. Dette utgjer 60 l/s frå 01.05 – 30.09 og 10 l/s frå 01.10 – 30.04. Dette gjev i følgje søkjar ein gjennomsnittleg produksjon på 10,8 GWh i året. Utan minstevassføring ville produksjonen bli på om lag 12 GWh.

Maksimal slukeevne i Reinåga kraftverk tilsvarar 200 % av middelvassføring, og den påverka elvestrengen vil i lengre periodar vere dominert av minstevassføringa. Med denne slukeevna vil det gå overløp over inntaksdammen i 55 dagar i eit middels vått år. Restfeltet bidreg med 80 l/s ved kraftstasjonen.

Sweco AS som har utarbeidd miljørapporten for prosjektet påpeikar at det er viktig at det blir oppretthalde ei minstevassføring av den storleiksorden som er foreslått i søknaden. Dei peikar på at det spesielt er viktig sein vår og på sommaren. Dette er vekstsesong for mosar og lav. Redusert vassføring vil ha negativ effekt på den delen av lav- og mosefloraen som veks tett på elva og er avhengige av høg luftfukt. Ved å halde seg til minstevassføring lik sesongmessig lågvassføring forsikrar ein seg om at dei låge vassføringane i elva ikkje vert lågare enn det som er naturleg i elva. Periodane med lågvassføring vil derimot bli lenger. Også botndyrfaunaen er avhengig av at det er vatn i elva heile året. Ei minstevassføring vil også verke positivt på landskapsverdiar gjennom sommaren. Ingen av høyringspartane hadde merknader til slepp av minstevassføring.

Av vassføringskurver som er vedlagt søknaden ser ein at nedbørfeltet til Reinåga gjev relativt låg vassføring om vinteren, spesielt i februar og mars. Som følgje av kaldt klima er Reinåvatnet og resten av vassdraget islagt det meste av vinteren. Til tross for dette er det viktig for NVE at eit vassdrag skal ha noko vassføring att, også etter ei ev. utbygging. Dette er spesielt viktig med omsyn på den biologiske produksjonen i elva, som også finn stad om vinteren. NVE meiner også at det er viktig at minstevassføringa til ein viss grad gjenspeglar sesongvariasjonar i vassføring etter ei ev. utbygging.

Behov for minstevassføring i Reinåga er i hovudsak knytt til å oppretthalde fuktkrevjande vegetasjon i og nær elva. I tillegg vil minstevassføringa vere positivt for elva som landskapselement, spesielt gjeld det den delen som fell bratt nedover lia og er eit tydeleg blikkfang. Minstevassføringa vil også vere positivt for å oppretthalde biologisk produksjon i elveløpet, noko som kan komme fisken lenger nede i vassdraget til gode i og med at det er gjeve løyve til ei viss regulering av Reinåvatnet.

Fuktkrevjande vegetasjon er mest sårbar for tørke i vekstperioden. Det er difor rimeleg å differensiere minstevassføringa med ulikt slepp sommar og vinter. NVE vel å følgje søknaden sitt forslag om slepp av minstevassføring tilsvarande den naturlege lågvassføringa sommar og vinter. NVE meiner at denne minstevassføringa saman med periodar med overløp, jf. den omsøkte slukeevna og redusert magasinering, vil vere avbøtande for landskapsverdiar.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 60 l/s i tida 01.05 - 30.09 og 10 l/s resten av året. Samla produksjon vil då bli på om lag 10,6 GWh/år. Det skal etablerast ein måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av

minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for allmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Vi viser til våre merknader ovanfor, under avsnittet forholdet til energilova. NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklara, jf. våre merknader ovanfor, under avsnittet "Forholdet til energiloven".

NVE har gitt konsesjon med følgjande føresetnadar:

Inntak (kote)	700 moh
Kraftstasjon (kote)	Ovanfor kote 133 og plassert mellom elveløpa slik at avløpsvatn vert slept ut i både sørleg og nordleg løp av Reinåga.
Installert effekt	3,2 MW
Største slukeevne	660 l/s
Minste slukeevne	40 l/s
Vassveg	Nedgrave røyr frå kraftstasjon til ca. kote 300. Tunell og sjakt frå ca. kote 300 og opp til inntaket.
Veg	200 m ny veg som tilkomst til kraftstasjon, samt opprusting av traktorveg fram til start på tunell. Frå ca. kote 300 og opp til inntaket skal anlegget byggjast veglaust.
Påhogg for tunell, inntaksområde, røyrgate og ev. deponi	Det er viktig at påhogg for tunell blir mest mogleg skjerma for omgjevnadane. Det same gjeld alle inngrep som vert gjort i inntaksområdet som er ope og oversiktleg. NVE føreset at planar for dette, samt framføring av røyrgate og ev. deponi, vert lagde i samråd med NVE sitt miljøtilsyn.
Samarbeid med reindriftsnæringa	Detaljplan og planlegging av anleggsarbeid skal utarbeidast i samråd med reindriftsnæringa, for å unngå forstyrringar i viktige periodar for reinen. Dette skal gjerast før detaljplan vert sendt til NVE for godkjenning.

Mindre endringar kan godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga.

Detaljerte planar skal leggjast fram for NVE sitt regionkontor i Trondheim og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Slik kraftstasjonen er planlagt i søknaden vil det nordlege elveløpet som renn gjennom verdifull kystgranskog bli fråført vatn. På grunn av dette vel NVE å følgje anbefaling frå tilleggsutgreiinga til Sweco og setje vilkår om at kraftstasjonen skal plasserast ovanfor kote 133 og mellom elveløpa. På

denne måten kan avløpet frå kraftstasjonen sleppast i begge elveløpa og kystgranskogen vert ikkje påverka.

Ved etablering av inntak og dam i ope fjellandskap vil det kunne bli eit svært markert inngrep i landskapet dersom dette ikkje vert gjort på ein skikkeleg måte. Det same gjeld ved påhogget for tunell, røyrgate og ev. deponi. Her vil det vere viktig å oppretthalde ein skjerm av vegetasjon og ikkje blottlegge for eksempel tunellpåhogget ved å hogge all skog rett framfor. Det er ein føresetnad at planlegging av dette arbeidet vert gjort i tett samarbeid med NVE sitt miljøtilsyn. Inntak og dam skal byggjast veglaust. Transport av utstyr og plassering av dette må skje på best mogleg måte av omsyn til miljøet, og i samråd med NVE sitt miljøtilsyn.

Røyrgate skal gravast ned på heile strekninga frå kraftstasjon til ca. kote 300 dersom NVE ikkje godkjenner anna av miljømessige omsyn. Resten av vassvegen skal leggjast i tunell/sjakt.

Reinen er mest sårbar i visse periodar på året. For å gjere ulempene for reindriftsnæringa minst mogleg må tiltakshavar difor vere i kontakt med reindriftsnæringa under utarbeiding av detaljplan og planlegging av anleggsarbeid. Dette samarbeidet skal skje før detaljplan vert sendt til NVE for godkjenning.

Vi viser også til merknadane til vilkåra i post 6 nedanfor, om kulturminne.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknader av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

Merknadane frå fylkeskommunen kjem inn under dette vilkåret. NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen og Sametinget for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varslings av aktuelle instansar dersom ein støyter på kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminneloven § 8 (jf. Pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre merknader

Bruk av avkjørsel frå fylkesveg

Statens Vegvesen påpeikar at tiltakshavar må søkje avkjørselsløyve før det vert gjeve løyve til bygging av kraftstasjon. Det må søkjast om dispensasjon frå veglova si byggjegrænse langs offentleg veg dersom kraftstasjonen skal oppførast nærare enn 50 m frå midten av fylkesvegen. Dersom det skal leggjast røyr under fylkesvegen må ein innhente graveløyve for dette.

Forhold til plan- og bygningslova

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gjev saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med arealdel i kommuneplan eller gjeldande

reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonshandsaming hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 vedrørande ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, mellom anna DN/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det påverka vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av fornybar energiproduksjon ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.